



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
24.09.2018  
Dykkar dato  
28.08.2018

Vår referanse  
2018/10571 421.3  
Dykkar referanse  
18/2031

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### **Uttale til dispensasjon til frådeling av bustad på gnr. 53, bnr. 1, Grimstad, Lindås.**

Vi viser til brev frå kommunen datert 28.08.2018. Saka gjeld søknad om dispensasjon for frådeling av eit areal på ca. 4 dekar med påståande bustadhús og garasje.

Arealet er uregulert og avsett til LNF-føremål i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 (KPA). Det er søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet.

#### Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsideset. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Deler av område som er foreslått frådelt er registrert som innmarksbeite i markslagkart frå NIBIO. Det er eit nasjonalt mål å omdisponera så lite dyrka eller dyrkbar mark som mogleg. Fylkesmannen er kritisk til slik omdisponering. Stortinget har også skjerpa måla for omdisponering av dyrka mark frå 6000 daa til 4000 daa i året i den nasjonale jordvernstrategien.

Frådeling vil også føre til ei uheldig oppsplitting av eigedomen, som vil føre til at skogområda aust for bustadhuset ikkje vil henge saman med resten av eigedomen.

Fylkesmannen rår ifrå at det vert gjeve dispensasjon til frådeling slik det er søkt om.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden jf. tbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagehandsaming.

Med helsing

Egil Hauge  
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*